



Ingvar Fanebust
Fonnebostvegen 156
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/2997 - 18/30070

Saksbehandlar:
Ingrid Bjørge Pedersen
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:
03.10.2018

Forhåndsvarsel om pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt for tilkomstveg - gbnr 106/7, 9, 11 og 164 Fanebust

Saka gjeld:

Vi viser til sak 16/2203 vedkomande ulovleg etablert tilkomstveg over LNF-området og innafor strandsona på Fanebust gbnr 106/7,9,11 og 164.

Saksoversikt:

1. Kommunen vart gjort kjent med at det var etablert ein søknadspliktig veg over fleire eigedomar på Fanebust
2. Søknad vart motteke her den 17.04.2017. Denne vart handsama i Plan- og miljøutvalet den 28.06.2017 der det vart gjeve avslag. Dette avslaget vart ikkje påklaga, og vedtaket er difor endeleg.
3. Vegen skal difor tilbakeførast og Lindås kommun har skissert kva rammar vi kan akseptere utifrå gjeldande regelverk, ein gangveg på maks 1,20 breidde. Tilkjørte masser utover denne breidda skal fjernast og det skal dekkast til med jord.
4. Det vart satt frist til 01.10.2018 for retting og tilbakeføring av massar. Det er kome brev i saka der de ber om utsatt frist for retting.

På bakgrunn av dykkar brev om utsatt frist for retting vert saka no følgd opp vidare med eit varsel om at vi kan vedta eit pålegg om at vegen skal tilbakeførast.

Førehandsvarsel om pålegg om retting

I samband med plan- og bygningsloven (pbl) §32-2, gjev vi med dette varsel om at Lindås kommune med heimel i pbl § 32-3, vil kunne fatte vedtak om pålegg om retting av det ulovlege forholdet, om ikkje forholdet er brakt i lovlege former ved å tilbakeføre tiltaket **innan 30.11.2018**.

Med tilbakeføring skal enten alle tilkøyrd massar fjernast og terrenget førast tilbake med jord slik det var før vegen vart etablert. Alternativt skal massane fjernast og terrenget førast tilbake med jord, med unntak av ein gangveg på 1,2 meter i breidde.

Kommunen må verte underretta skriftleg når tiltaket er tilbakeført. Det må og leggas ved foto som viser at vegen er fjerna/reduisert til angitt storleik.

Førehandsavarsel om tvangsmulkt

Kommunen kan med heimel i plan- og bygningslova § 32-5 nytta tvangsmulkt som eit middel for å få gjennomført pålegg om retting:



«Ved forhold i strid med bestemmelser gitt i eller i medhold av denne loven kan plan- og bygningsmyndighetene fastsette tvangsmulkt for å få gjennomført gitte pålegg, herunder forbud, innen en særskilt angitt frist.»

Forfallen tvangsmulkt vil bli kravd inn utan vidare varsel. Tvangsmulka kan krevjast inn etter reglane i tvangsfullbyrdingslova § 7-2 e, som særleg tvangsgrunnlag, utan dom for kravet. Kommunen vurderer at sanksjonane er rimelege i høve det ulovlege tilhøvet, jf. plan- og bygningslova § 32-10.

Førelegg og andre opplysningar:

Det er eigar/tiltakshavar sitt ansvar at plan- og bygningslovgivinga sine krav, inkludert tidlegare gjevne løyve, vert haldne.

Etter pbl § 32-2 andre ledd skal det ved varsel om pålegg opplysast om at eit eventuelt pålegg som ikkje etterkommast innan fastsett frist, også vil kunne verte følgt opp med førelegg som kan få same verknad som rettskraftig dom, jf. pbl §§ 32-6 og 32-7. Det vert orientert om at, sitat: *«Blir pålegg i rettskraftig dom eller dermed likestilt forelegg ikkje etterkommet kan plan- og bygningsmyndighetene la de nødvendige arbeider utføre for regning av den som dommen eller forelegget er rettet mot»*, jf. § 32-7 fyrste ledd.

Pålegg kan etter pbl § 32-3 fjerde ledd verte tinglyst som hefte på eigedomen om pålegget ikkje vert gjennomført.

Dykkar rettigheter:

De har rett til å uttale Dykk før det vert fatta vedtak om pålegg om retting.

Frist for uttale er sett til 31.10.2018, jf. pbl § 32-2.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til «Arkivsaksnummer 18/2997», eventuelt gnr

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Ingvar Fanebust

Fonnebostvegen 5955
156

LINDÅS